



EID KOMMUNE

BARNEVERNTEENESTA

Barne-, likestillings - og inkluderingsdept. Barnevernavdelingen Barne-
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Vår ref.
14/2084-2/K2-F49//LFN

Dato:
05.12.2014

HØYRING - FORSLAG OM Å UTVIDE ADGANG TIL Å PÅLEGGE AV HJELPETILTAK MED HEIMEL I LOV OM BARNEVERNTEENESTER

Vi syner til utsendt høyringsnotat av 20.oktober 2014 og vil med dette kome med innspel i denne prosessen.

I all hovudsak støttar vi dei synspunkta som Norsk barnevernlederorganisasjon - NOBO, har meldt inn.

Barnevernstenesta i Eid vil spele inn at ei endring av lovverket som dette høyringsnotatet legg opp til, burde kome i samband med den planlagde samla revideringa av Lov om barnevernstenester og oppgåvefordelinga mellom stat og kommune. Slik prosessen no er lagt opp, kjem endringsforslaga «stykkevis og delt» og med det er det fare for at dei ikkje vert sett i tilstrekkeleg samanheng.

Vi ønskjer også å legge til ein ekstra merknad knytt til pkt. 8 – økonomiske og administrative konsekvensar for kommunen. Barnevernstenesta i Eid er svært usamd med departementet i vurderinga av at framlegget til lovendring ikkje vil få vesentlege konsekvensar for kommunane. Både det etterslep vi pr. i dag har i kommunane med tanke på oppbygging av hjelpetiltak, og auka utgifter sakshandsaming og advokatbistand, vil føre til store utfordringar både administrativt og økonomisk. Særskilt vil dette vere utfordrande i tida framover då vi stadig lever med uvisse kring organiseringa av oppgåvefordelinga mellom BUFetat og det kommunale nivå.

Med helsing

Lisbeth Fanøy Nord
Avdelingsleiar